



Øystre Slidre kommune

- rein naturglede!

Leveres ut til den som låner utstyr

Informasjon og rutiner for Øystre Slidre Utstyrssentral

Utstyrssentralen er etablert som eit samarbeidstiltak mellom Skogprodukt og Frivilligsentralen i Øystre Slidre kommune. Formålet for utlån er å stimulere og gje alle høve til å delta i fysisk aktivitet og friluftsliv.

Skular/barnehagar, lag og organisasjonar, familiar og enkeltpersonar kan låne sports- og friluftsutstyr gratis. Utstyrssentralen er frå 1.september 2017 lokalisert i eit eige lager ved Kraftslagsbygget, Vindevegen 5. Utstyr til vassaktivitet er lagra på Furustrand.

Opningstider: Utstyrssentralen låner ut utstyr på kvardagar (mån-fre) kl. 9-15. Kontakttlf. er: 97531190/61349565 (Skogprodukt/Aktivitetshuset) eller tlf. 97605755 (Frivilligsentralen).

Retningslinjer for lån og bruk av utstyret: All bruk av utstyret skjer på eige ansvar. Den som låner utstyret, må sjølv dekke kostnader ved reparasjonar eller innkjøp av nytt utstyr, dersom utstyret skulle bli øydelagt. Dette gjeld ikkje normal slitasje. Utstyret leverast tilbake i same tilstand som ved utlån. Lavvoar, redningsvestar, soveposar og anna utstyr skal vere tørt og reint ved innlevering. Avvik skal meldast frå om ved innlevering til Utstyrssentralen.

Sjå utlånsreglar på neste side

Utlånsreglar

- Vanleg lånetid er maks. 7 dagar. Lengre lånetid kan avtalast.
- Det forutsettast at lånetakar set seg inn i bruken av utstyret, og at bruk skjer forskriftsmessig og på eige ansvar.
- Kajakk/kano krev spesielle kunnskapar, og vi forutset at lånetakar ved lån av kajakk/kano har kunnskap om bruken.
- Kun vaksne over 18 år kan stå som lånetakar av utstyret. Dersom ungdom under 18 år ynskjer å låne utstyr, må dei ha fullmakt frå føresette.
- Utlånar står ikkje ansvarleg ved skade på personar.
- Den som låner utstyret er erstatningsansvarleg ved skada eller øydelagt utstyr.
- Lever utstyret tilbake i same tilstand som ved utlån, gje beskjed viss noko er øydelagt eller dårlig. Ikkje reingjort/vått utstyr belastast med kr. 200 som erstatning.
- For sein innlevering blir fakturert med kr. 100 pr. dag etter innleveringsdatoen.

Lånetakar får ei kontrakt som skal signerast før utlevering av utstyr.

Noter dato for innlevering her: